



Notat

Dato: 05.10.2015
Arkivsak: 2015/2400-17
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om trafikksikringstiltak på fylkesvegane mellom Seim og Feste/Lygra

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 3. juni er det teke inn følgjande:

Pål Kårbø (Krf) stilte slikt spørsmål:

«Fylkesvegen mellom Seim og Feste/Lygra har relativt dårleg standard. Mange fjellnabber bør bort og det er få gode møteplasser.

Både Lindås kommune og lokale grunneigarar har påpeika dette mange gonger ovanfor HFK. Det er også sendt inn fotomateriale og skildring på eksakte punkt som bør betrast.

KrF ønskjer fortgang i dette arbeidet. Eg bed difor om tilbakemelding på status for innmelde behov, og økonomisk anslag for kva dette kostar.»

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på spørsmålet.

Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.